Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

Same teikn oppatt-teke

[**878**] N-23252. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b [47]; NOR 1989: 7f.)

Innskrifta står på ein teljepinne av tre, 170 mm lang, 15-18 mm brei og 2 mm tjukk. Det er teljeskorer langs den eine langsida. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1175 og 1275. Innskrifta vart likevel oppdaga først i 1988, i samband med gjennomgang av funnmaterialet i magasin.

Det er runer langs den smalsida som ikkje har teljeskòrer. Innskrifta er 108 mm lang og runene 2 mm høge. R. 1-10 (om det er runer) er berre frittståande snitt. Etter som sekvensen etter desse snitta (r. 11-25) har utvetydig form som **k**-runer, er dei ti første snitta her oppfatta som stavar og transkriberte som **i**. Det kan det sjølvsagt reisast tvil om. Seriane med **i** står gruppevis med mellomrom, dei med **k** står gruppevis med punkt imellom.

| | | | | | | | | | | ᛕ ᛕ ᛕ ᛕ ᛕ.ᛕ ᛕ ᛕ ᛕ ᛕ ᛕ ᛕ. ᛕ ᛕ. ᛕ
i i i i i i i i i i k k k k k·k k k k k k k·k k·k

På ein teljepinne som dette kan det vel tenkjast at teikna her på ein eller annan måte motsvarar eller utfyller hakka på den motsette sida. Det vil i tilfelle kunna innebera at `stavane' her eigentleg er teljemerke. Rekkja av **k**-runer kunne tenkjast å ha vore brukt som ei eller anna form for utkryssing i ein slik oppteljingssituasjon, jf. t. d. verbet *kvitta (að)* i tydinga `kvitta' vel òg `kvittera for'. Men også her er vel haldepunkta for få til å kunna gi eit nokolunde sikkert grunnlag for tolking av innskrifta.